

# Utmarksbeite for husdyr i Nord-Noreg – stor ressurs, men lite brukt

Yngve Rekdal, Per K. Bjørklund og Finn-Arne Haugen

<https://doi.org/10.7557/ottar.7233>


Nord-Norge har dei største utmarksbeiteressursane i landet både i kvalitet og mengde. Men bruken av ressursen er liten og har ei negativ utvikling. Dette går fram av ein rapport frå NIBIO som for første gong gjev ei samla oversikt over utmarksbeite for husdyr i heile landet og for kvart fylke.

**G**jennom prosjektet «Arealrekneskap for utmark» (AR18x18) har NIBIO henta inn nasjonale og regionale tal for beiteressursar og beitebruk i utmark. AR18x18 er basert på vegetasjonskartlegging av 0,9 km<sup>2</sup> store flater lagt ut i eit rutenett med 18 km mellom kvar flate. Dette gjev grunnlag for statistikk over beiteressursar. Saman med erfaringar frå mange lokale kartleggingsoppdrag i dei nordnorske fylka har vi derfor mykje kunnskap om utmarksbeitet i landsdelen. Informasjon om korleis beitet blir bruka kan finnast i statistikkar frå Landbruksdirektoratet (produksjonstilskot i landbruket), og i kart over norske beitelag som organiserer det meste av utmarksbeitande sau og

ein god del av storfe (beitelagskart på nett, <https://kilden.nibio.no>).

## Beitekvalitet

I utmarka er det som i fjøs og på innmark – kvaliteten på fôret dyra har tilgang til er viktig for kva tilvekst ein kan vente. Avgjerande for beitekvaliteten til eit utmarksareal er kor mykje beiteplanter som veks på arealet og næringsinnhaldet i plantene. Det er i første rekkje gras og halvgras (storr, frytler og siv) og ein del urter som er beiteplanter.



Areal av ulik beitekvalitet for husdyr (sau og storfe) vist som prosent av tilgjengeleg utmarksbeiteareal i fylke og for landet totalt. Talverdiar er sette på søylene for svært godt beite.



Denne dalbotnen i Rotfjellet i Hattfjelldal er ei einaste lågurteng, og er det beste beitet som tenkjast kan både for sau og rein.  
Foto: Anders Bryn



Strandenger er svært gode beite. Her frå Hokland i Hadsel der god kultivering har gjeve ei tett grasmatte. Opphøyrer beitinga kjem mjødukt og hundekjeks inn og skuggar ut graset.  
Foto: Per K. Bjørklund

Bruk av vegetasjonstypar ved beitekartlegging har lange tradisjonar her til lands, og er den einaste systematiske reiskapen vi har for å beskrive beitekvalitet. I NIBIO si beitekartlegging blir det bruka 45 vegetasjonstypar. Vegetasjonstypane blir sortert etter fôrverdi etter ein tredelt skala; mindre godt, godt og svært godt beite. Ut frå denne sorteringa blir det laga beitekvalitetskart. Arealet av beste beiteklassen, svært godt beite, er ein god indikator på beitekvaliteten.

Kvalitet av utmarksbeitet for fylka viser ein klar samanheng med berggrunn og topografi. Troms har veldig mykje rik berggrunn og variert topografi og kjem ut med den klart høgaste beitekvaliteten i landet. Nordland er ein god nummer to. Kvaliteten er lågast i fylke med mest fattige bergartar og meir flat- og låglendt topografi, som til dømes Finnmark, Hedmark og Agder. Gjennomsnittstal for fylka skjuler store variasjonar innan kvart fylke.

**Nordland:** Rik berggrunn og ein topografi med mykje brattlende gjer at Nordland fylke kjem høgt i kvalitet av utmarksbeite, sett i høve til landet elles. Med 17 % av arealet som svært godt beite ligg fylket ein god del høgare enn snittet for landet som er 11 %. Ein del variasjon vil finnast da det

også er område med fattigare berggrunn, og dette kan skifte over korte avstandar da fattige og rike bergartar kan vera blanda i komplekse mønster. Heile 21 % av arealet over skoggrensa i Nordland er snøleie. Dette er gunstig for beiteutnyttinga da det gjev nygroe og god tilvekst på dyra ut over seinsommar og haust.

Indre Helgeland og indre Salten har svært gode beite både i skogregionen og i fjellet. Ofoten, Nord-Salten og ytre Nord-Helgeland har ein del store, samanhengande grunnfjellsområde med lite lausmassar og jamt over skrinne beite. Det same gjeld granittområda lenger sør på Helgeland. Her er det likevel store variasjonar, for ofte finst det gode beiteareal på skredjord i fjellssidene. Grunnfjellsbergartane i Lofoten og Vesterålen har eigenskapar som gjer at dei vitrar lett og gjev opphav til eit betre jordsmonn enn gneisar og granittar lenger sør i fylket. Typisk for desse distrikta er djupe dekke av forvittringsjord og skredjord som gjev eit godt jordsmonn og frodige lier. Kultivering gjennom beite og slått har gjeve desse liene eit godt grasdekk som er beite av høgaste kvalitet.

Beitekvaliteten er lågare på fattig berggrunn i dei mest humide delane sør i fylket, men også



Største beiteressursen i Nord-Noreg ligg i dei mange frodige bjørkeliene med engbjørkeskog. Her frå Malangshalvøya. Foto: Finn-Arne Haugen

her finst det lokale variasjonar med stadvis gode beite. På rik berggrunn kan det vera gode beite på øyar og holmar, men her kan det vera tørkeutsett der beitet fell fort i nedbørfattige periodar. Langs kysten er det også svært gode beite på strandenger.

**Troms:** Med 26 % av tilgjengeleg areal i beste beiteklassen skil utmarksbeitet i Troms fylke seg ut som det klart beste i landet. Berggrunn dominert av lause, næringsrike bergartar og ein topografi med mykje brattlende gjev denne høge kvaliteten.

Troms har høg kvalitet på utmarksbeitet både over og under skoggrensa. Karakteristisk for fylket er dei mange rike bjørkeskogslie. Det er berre i dette fylket at den rike engbjørkeskogen er dominerande vegetasjonstype med heile 27 % av arealet under skoggrensa. Spesielt er òg den høge kvaliteten på beitet over skoggrensa. Frodige høgstaudeenger og store areal med rik snøleivevegetasjonen, lågurteng, gjer at 20 % av arealet er i beste beiteklasse, landssnittet er 7 %

Noko variasjon i beitekvalitet er det òg i Troms. Grunnfjellsområda på øyane og Reisadalen og Kvænangen lengst aust, har noko mindre av dei gode beiteklassane. Uavhengig av berggrunnen finst det gode beiteareal på finkorna skredjord under bratte fjell og i skrentar i kyststroka. Mange

stader langs kysten er det også her svært gode beite på strandenger.

**Finnmark:** Med 4 % av landarealet i beste beiteklassen ligg Finnmark godt under snittet for landet. Naturen i fylket skil seg sterkt frå Nord-Noreg elles. Berre 5 % av arealet ligg over 600 moh. og landskapsformene har mykje viddepreg. Saman med mykje fattige bergartar, låg nedbør og djupe lausmassar som gjev ei tørr overflate, gjer dette at *lav- og lyngrike skogar, lavheier og risheier* er dominerande vegetasjonstypar. Det er lite med snøleie.

Viddepregget er særleg sterkt på indre stromk med Finnmarksvidda som ligg i eit høgdelag mellom 300 og 500 moh. Vidda er vinterbeite for ein stor del av tamreinen i landet. Det kjølege innlandsklimaet med lite nedbør og ein gunstig snøkonsistens, saman med eit stort lavbeitepotensial, skapar dei beste forutsetningar for vinterbeiting. Det flate landskapet karakteriserer også det meste av Nord- og Aust-Finnmark, som er dominert av høgtliggjande vidder og platåfjell.


Lengst nordvest i Finnmark, på fastlandet i Loppa og Alta, samt på dei store øyane, er det spisse fjellformer og rekkjer av kvasse eggjar, slik ein



Høgstaudeeng langs Tverrelva i Vardø som er kultivert til fullstendig grasdominans.  
Foto: Michael Angeloff



I skredmarker under bratte fjell er det ofte frodige høgstaudeenger som her frå Vanna i Karlsøy.  
Foto: Per K. Bjørklund



Beitetrykk i utmark i 2019 målt i prosent av tilgjengeleg beiteressurs for husdyr i fylke og for landet totalt. Blå del av søylene viser kva som var nytta av husdyr og oransje viser det som hjortedyr beitar i konkurranse med husdyr.

finn det lenger sør i landsdelen. Saman med rikare bergartar er det her gode sommarbeite som er viktige for både rein og husdyr. I fleire distrikt elles er det òg betydelege forekomstar av næringsrike bergartar, og uavhengig av berggrunnen finst det gode beiteareal på finkorna skredjord under bratte fjell i kyst- og fjordstroka. Særleg markert i landskapet i Finnmark er dei lange og breie fjordstrekningane som deler opp landmassen til store halvøyar. I fjordsidene og dalane inn frå fjordbotnane er det mykje av frodige bjørkeskogar og stadvis svært gode beite.

## Beitebruk

**Nordland:** Om lag 21 000 storfe, 197 000 sauer, 4200 geiter og 510 hestar gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i 2019. 47 % av driftseiningane hadde sau i utmark og 26 % storfe. Av fylkesarealet vart 29 % bruka av organiserte beitelag.

Det er store ulikheiter i beitebruken for sau i Nordland. Vesterålen har størst tettheit, og det går jamt med sau også i Lofoten, på sørsida av Skjerstadfjorden med Saltdalen og Beiardalen, og på indre strom av Helgeland. I Ofoten, Nord-Salten og sør på Helgeland er det lite sau. Hadsel var største sauekommunen i 2019 med 14 100 sau sleppt i utmark, deretter følgde Hattfjelldal med 12 500, Vestvågøy 11 900, Sortland 11 600, Hemnes 11 500 og Rana 10 400. Brønnøy hadde mest storfe i utmark med 2600 dyr. Her hadde Alstahaug 2000, Sømna og Dønna kvar 1400 og Leirfjord 1200. Vestvågøy var størst på geit med 1100 dyr i utmark, følgd av Bodø og Beiarn, kvar med 900.

Reindriften i Nordland reinbeiteområde er delt inn i 12 reinbeitedistrikt. Dei to sørlegaste strekkjer seg inn i Nord-Trøndelag. Områda nord for Ofotfjorden blir bruka av fem reinbeitedistrikt som tilhøyrer Troms reinbeiteområde. Det var totalt ca. 14 500 rein på vinterbeite i 2019 i dei 12 reinbeitedistrikta som tilhøyrer Nordland reinbeiteområde. I tillegg kjem det inn rein på barmarksbeite langs riksgrensa frå svenske samebyar i Norrbotten og Västerbotten.

**Troms:** Omlag 5900 storfe, 112 000 sauer, 9100 geiter og 415 hestar gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i 2019. 52 % av driftseiningane hadde sau i utmark og 18 % storfe. Av fylkesarealet vart 29 % bruka av organiserte beitelag.

Det meste av sau på utmarksbeite går i fjord- og kystbygder. På indre strom er det lite sau. Balsfjord var største sauekommunen i 2019 med 13 600 sau, følgde av Harstad med 11 600, Lyngen 10 700 og Tromsø 8500. Målselv hadde mest storfe i utmark med 1100 dyr. Balsfjord hadde 1000 storfe, Harstad 700 og Bardu 600. Med 9100 dyr

var Troms det fylket som slapp mest geit i utmark i 2019. Balsfjord hadde 2700 geit i utmark, følgd av Kåfjord med 1400 og Tromsø 900. Sauetalet i utmark i fylket har gått ned med 14 % sidan 2000.

Sommarbeite for rein foregår i store delar av Troms, men med ei hovudvekt i ytre strom. Største reintalet er på øyar og i kyststrom i Midt- og Nord-Troms, samt i fjellområda aust for Lyngenfjorden. Det meste av Indre Troms blir beita til andre tider av året. Unnateke er svensk reindriften som har mange dyr på sommarbeite i dei austlege delane av Indre Troms. I 2019 hadde norsk reindriften ca. 48 000 vaksne rein på sommarbeite i Troms.

**Finnmark:** Omlag 1200 storfe og 23 000 sauer gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i Finnmark i 2019. Av fylkesarealet vart 5 % bruka av organiserte beitelag. Det meste av sau på utmarksbeite går i fjord- og kystbygder. På indre strom er det lite sau. Tana var største sauekommunen i 2019 med 4100 sau, deretter følgde Nesseby med 3900, Alta 3500 og Porsanger 3400. Alta hadde mest storfe i utmark med 500 dyr.

Reinen er det viktigaste dyret på utmarksbeite i Finnmark, og det meste av utmark i fylket er reinbeiteareal. I 2019 var det om lag 186 000 vaksne rein i Finnmark. Reindriftnæringa er basert på utnytting av beiteressursane i utmark gjennom heile året. Det meste av indre Finnmark blir ikkje beita om sommaren, men til andre tider av året. Knapt halvparten av fylkesarealet blir nytta som sommarbeite for rein. Dette er mest kyst- og fjordstrom i den nordlege delen av fylket, som også ut frå naturgrunnlaget er dei best eigna grønnbeiteområda, med den mest næringsrike berggrunnen og eit forholdsvis fuktig og kjøleg klima. Reinen sitt naturlege trekkmonster har i alle tider gått frå innlandet til kysten om sommaren. Om lag halvparten av distrikta i Vest-Finnmark har sommarbeite i Troms.

## Beitekapasitet og beitetrykk

Tilpassing av dyretalet til beiteressursen er viktig. For mange dyr vil gå ut over tilveksten, medan for få gjer skjøtselen dårleg og reduserer kvaliteten av beitet. Samla praktisk nyttbar beitekapasitet for husdyr for heile landet er berekna til 9,5 mill. saueiningar (ei saueining er eit dyr med gjennomsnittleg fôrbehov i ein flokk med normal fordeling av søyer og lam). Største beiteressursane, 3,3 mill. saueiningar eller 34 % av samla ressurs for landet, ligg rimelegvis i dei tre nordnorske fylka, da dette er store fylke. Nordland og Troms har i tillegg høg kvalitet på utmarksbeitet. Desse fylka har store areal som ligg slik at dei er lite aktuelle å nytte som husdyrbeite, men mykje av dette er viktige areal for reindriften.





I Lofoten er det jamt frodige grasenger i liene. Desse er skapt gjennom slått og beiting i lange tider. Når dette opphøyrer kjem bregner og kratt av bjørk og rogn. Ei stor landskapsendring er på gang der beitedyra blir borte.  
Foto: Per K. Bjørklund (☞) og Finn-Arne Haugen (☛) frå Vestvågøy.

Kor mykje fôr som kvart år blir hausta av husdyr i utmark kan grovt bereknast ut frå dyretal sleppt på utmarksbeite henta frå søknadar om produksjonstilskot. For sau er truleg dette eit nokolunde godt uttrykk for beitetrykk da det meste av norsk sau brukar utmark i det som kan reknast som beitesesong. Kor mykje fôr storfe tek frå utmark er ei vanskelegare vurdering, da storfe jamt over har kortare beitesesong og mykje dyr går i grensesona mot innmark. Utmarksbeitet må òg delast med andre utmarksbeitande dyr. Det er berekna grovt eit fôruttak for ulike hjortedyr som er i konkurranse med husdyra sin beitebruk.

Samla beitetrykk for heile landet i 2019, inkludert hjortedyr, på beiteressursen tilgjengeleg for husdyr, utgjorde etter dette 4,2 mill. saueeiningar. Dette gav eit landssnitt på 45 % utnytting. Vestlandsfylka og Oppland hadde høgast utnytting, kring 70–80 %. Lågast var Telemark og Oslofjordfylka med 25 % utnytting, Finnmark 27 %, Nord-Trøndelag 31 %, Troms 33 % og Nordland 36 %. Samla utnytting for dei nordnorske fylka var 1,1 mill. saueeiningar som utgjorde 32 % av ressursen. Her var 14 % nytta av husdyr og 18 % av rein. 68 % av ressursen var såleis ikkje nytta. Det vil seie at det i 2019 kunne vore sleppt 2,2 mill.

← Beiting påverkar vegetasjonen ved avbiting, trakk og gjødsling. Engbjørkeskogen kan bli svært grasrik over tid ved slik påverknad. Her frå Svartfjell i Lenvik.  
Foto: Per K. Bjørklund

fleire saueeiningar. Dersom den ledige kapasiteten berre skulle nyttast av husdyr kunne dyretalet i nordnorsk utmark da bort i mot femdoblast målt i saueeiningar.

Verdien av fôret husdyr hausta frå utmarka i Nord-Noreg i 2019 var om lag 180 millionar kroner dersom dette skulle erstattast med kraftfôr. I tillegg kjem fôr hausta av rein som beitar i utmark heile året. Verdien av å ha dyr i utmarka kan ikkje målast berre kroner. God dyrevelferd og eit bortimot økologisk sluttprodukt er òg viktig.

### Store ressursar

Våre berekningar viser at det er rikelege ressursar for meir husdyr i utmark i dei nordnorske fylka. Fôruttaket kan òg aukast mykje ved lengre beitesesong, særleg for storfe. Kor mykje av ressursen som er muleg å nytte i praksis er usikkert og vil vera ulikt på kort og lang sikt. På kort sikt er det mange avgrensingar i høve til produksjon av vinterfôr, fjøskapasitet, kraftfôrpris, marknad, beiterettar m.m., og ikkje minst økonomi for den enkelte bonde.

Beiteressursane i utmark i landet er ulikt fordelt, med store regionale og lokale variasjonar. Eit paradoks er at dyretalet i fleire fylke med heller skrinnt utmark er høgt, medan utnyttinga er lågast i nokre av fylka med høgast beitekvalitet og med den rikelegaste ressursen. Ikkje minst gjeld dette



Troms, som har ei låg utnytting av utmarksbeite av høgaste kvalitet.

Beitekvaliteten i utmarka er ikkje berre naturgjeve. Mykje av vegetasjonsbiletet er ein arv etter tidlegare tiders veldig intensive utmarksbruk. Beiting, slått og anna hausting gav eit ope, grasrikt landskap. I det meste av Nord-Noreg er beitetrykket no for lågt. Buskvegetasjon og tresetting blir tettare og reduserer planteproduksjonen i undervegetasjonen når lys og varme ikkje slepp ned. På den beste marka kjem høgvakne urter og bregner inn og skuggar ut graset. Beitekvaliteten blir derfor sakte redusert på store areal, og kulturlandskap forsvinn saman med det beiteskapte biologiske mangfaldet. Utmarka må brukast og skjøttast skal desse kvalitetane takast vare på.

Det er i frodige bjørkelier med den mest produktive vegetasjonstypen, engbjørkeskog, det er mest å hente på å sette inn skjøtselstiltak. Forsøk viser at planteproduksjonen i undervegetasjonen i slik skog kan både to- og tredoblast ved tynning, og vegetasjonen vil ved høgt beitetrykk kunne bli veldig grasrik. Det spesielle med den rike skogen i liene er at jordsmonnet ikkje blir tappa for næring ved hausting, fordi ny næring kjem med sigevatnet frå ovanforliggande areal. Dei gardsnære liene er ofte vakre kulturlandskap som òg er eit viktig produkt frå beitebruk, og som igjen er råvara til ei anna bygdenæring – reiselivet.


Kvar sommar produserer fotosyntesen grønt plantemateriale over store delar av norsk landareal. Dette kan vi nyttiggjera oss til mat og fiber, men vi må ha drøvtyggande dyr til haustinga. Denne ressursen kan ikkje sentraliserast – skal den nyttast må vi ha eit landbruk over heile landet. Ein må utnytte dei regionale fortrinna i landbruket blir det ofte sagt. Vi kan ikkje sjå anna enn at Nord-Noreg sitt regionale fortrinn er store areal av frodig utmark

der det kan produserast mat frå rein og vakker natur.

### Litteratur:

- Bjørklund, P.K., Rekdal, Y. og Strand, G.H. 2012. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Troms. Norsk inst. for skog og landskap, ressursoversikt 05/12. <http://hdl.handle.net/11250/2453881>
- Bjørklund, P.K., Rekdal, Y. og Strand, G.H. 2015. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Finnmark. Norsk inst. for skog og landskap, ressursoversikt 01/15. <http://hdl.handle.net/11250/2436824>
- Bjørklund, P.K., Rekdal, Y. og Strand, G.H. 2017. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Nordland. NIBIO rapport 3(106). <http://hdl.handle.net/11250/2459976>
- Rekdal, Y. og Angeloff, M. 2021. Utmarksbeite – ressursgrunnlag og beitebruk. Arealrekneskap for utmark. NIBIO rapport 7(208). <http://hdl.handle.net/11250/2837610>

### Forfatterne:



**Yngve Rekdal** er nyleg pensjonert frå NIBIO etter å ha arbeidd som beitegranskar i utmark i 42 år med heile landet som arbeidsområde. E-post: [yngve.rekdal@nibio.no](mailto:yngve.rekdal@nibio.no)



**Per K. Bjørklund**, nå pensjonist, har jobba med vegetasjonskartlegging og utmarksbeite i 45 år, det meste av tida i Nord-Noreg. Han har også lang felterfaring frå markslagkartlegging og landskogtakseringa. E-post: [pk.bjoerk@gmail.com](mailto:pk.bjoerk@gmail.com)



**Finn-Arne Haugen** er leiar for beitekartlegginga i utmark ved NIBIO med kontoroplass i Tromsø. Han har arbeid med vegetasjonskartlegging og utmarksbeite i 20 år, og har tidlegare erfaring frå offentleg forvaltning.

E-post: [finn-arne.haugen@nibio.no](mailto:finn-arne.haugen@nibio.no)